

VISITASMELDING FOR SYKKYLVEN OG IKORNNES SOKN

Visitas februar 2017

Innleiing

Rapporten er utarbeidd av prestane i sokna, i samarbeid med resten av staben, Sykkylven sokneråd, Ikornnes sokneråd og Sykkylven fellesråd. Når det gjeld informasjon om lokalsamfunn, kyrkjebygg og kyrkjekunst, viser vi til visitasmelding frå 2009. Når det gjeld oversikt over trusopplæringsplanar, gudstenesteforordning og lokale grunnordningar, så viser vi til det som er vedteke og godkjent av biskopen.

1. Statusrapportar


1.1. Statistisk materiale for kommunen

Sykkylven og Ikornnes sokn fell saman med grensene for Sykkylven kommune.

I Sykkylven bur det 7698 menneske (7565 i 2009), av desse er 6267 medlemmar i Den norske kyrkja (81,4%).

Av medlemmane bur 4945 i Sykkylven sokn og 1322 i Ikornnes sokn.


Folketalet har dei seinare åra vore nesten heilt stabilt, med svært små endringar år for år. Sjå chart under:



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Ein relativ stor del av befolkinga (992) har innvandrarbakgrunn (12,9%). Dette heng dels saman med at Sykkylven har mange som arbeider i industrien, og det har til dels vore enkelt å få jobb her i bygda. Arbeidsløysa er relativ lav (2,3% får sosialhjelp).

Dei fleste i bygda arbeider i industrien, som i hovudsak er møbelindustri, men også noko industri som leverer tenester til møbelfabrikkane. Så er det nokre andre viktige fabrikkar som også sysselset mange (m.a. Møre Trafo). Men så stor avhengighet av møbelindustrien gjer situasjonen sårbar for Sykkylven kommune.



1.2. Statistisk materiale - kyrkja

1.1.1. Medlemsskap

Medlemstalet i Sykkylven er no 81,4 %, prosenten i Norge er 72,9 %.

Det er små grupper som høyrer til andre kyrkjesamfunn og Human-Etisk forbund, medan det er aukande grupper som tilhøyrer andre religionar.

Ved sist visitas var *Vineyard-kyrkjelyden* ganske stor og aktiv, den er no blitt liten og få menneske på gudstenester (10-20 personar).

I 2010 vart *Bedehusforsamlinga* skipa, den har ca. 30 medlemmar, og har gudstenester på Bedehuset annankvar søndag kveld, dei siste 2 åra i samarbeid med NLM i Sykkylven.

Den største endringa sidan 2009 er kanskje at det no er ei ganske stor gruppe som høyrer til den *Eritreisk-ortodokse kyrkja*, desse låner Sykkylven kyrkje kvar søndag morgon til gudsteneste. Desse gudstenestane samlar gjerne 15-25 personar.

Også den *katolske kyrkja* har no regelmessige gudstenester (i Ikornnes kyrkje) ein søndag i månaden. Dette er nok den største gruppa utanfor DnK, dei samlar ca. 40 til gudstenestene sine. Samarbeidet med dei andre kyrkjesamfunna er godt.


1.1.2. Dåp

I visitasmeldinga til visitasen i 2009 stod det: «*Tilhøvet til dåp har ikkje endra seg sidan visitasen i 2000. Dei aller fleste som høyrer til Den norske kyrkja døyper borna sine*» Dette er i ferd med å endre seg ganske dramatisk no dei seinare åra. Det har vore fokus på dåpsprosenten i Norge som har gått dramatisk ned:


2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

77,2	75,8	73,9	73,4	70,4	67,8	66,9	66,4	63,7	62,0	59,3	57,6
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------

Framleis er dåpstalet i Sykkylven ein god del høgare enn landsgjennomsnittet. Men tala viser ei rask endring, tabellen nedanfor viser % tal på døypte i høve til talet på fødde, frå 2001 til 2015:



Mange har nok tenkt at dette skuldast at fleire anten høyrer til andre religionar eller ikkje er medlemmar lenger i Den norske kyrkja, men også prosenten av *medlemmer* som ikkje døyper borna sine har auka drastisk dei seinare åra, sjå graf nedanfor som syner % av medlemmer som ikkje døyper borna sine, åra er 2001 til 2015:



I begge grafane ser vi at det skjer ei endring frå ca. 2007/8, og ei stor utfordring til kyrkja er at så mange av våre medlemmer ikkje døyper borna sine.

Grunnane er samansette, men nokon kan vere:

- Ærlegare haldning til det å ikkje love noko ein ikkje meiner
- Mindre press frå «foreldregenerasjonen»
- Lita eller ingen tilknytning til kyrkja i oppveksten
- Ei stadig større gruppe som reknar seg som «ikkje-religiøs». I fylgje Pål Ketil Botvar og Ulla Schmidt si undersøking: *Religion i dagens Norge (2010)* har gruppa sterkt «ikkje-religiøse» auka frå 13% i 1998 til 22% i 2008. Og vi ser ein konsekvens av dette: Dåpen er ikkje lenger noko «sjølvsgagt».

Kva har kyrkjene i Sykkylven gjort for å møte denne utviklinga?

- Har auka tilbodet om søndagar med dåp, det er i perioden august til påske tilbod om dåp kvar søndag (annankvar søndag i Sykkylven kyrkje og kvar søndag det er gudsteneste i Ikornnes kyrkje)
- Det er frå hausten 2016 ikkje noko tak på talet på dåp i kvar gudsteneste.
- Gudstenestane med dåp får jamt over svært gode tilbakemeldingar frå familiane som har dåp, både fokus, opplegg for born under alle gudstenester, bilete av dåpsbarnet på storskjerm osv. har ofte blitt kommentert og fått ros.

- Fadderposen: Blir delt ut under dåpen til ein av fadrane med helsingar til barnet på 3 første dåpsdagane.

Sokneråda bør sjå på korleis ein møter dåpsforeldra, alt frå første henvending til kontoret, til den vidare oppfølging, i tråd med den nasjonale satsinga ”Dåpsløftet”.

Men truleg må ein innsjå at talet på dåp vil halde fram med å gå nedover i åra framover. Den generasjonen som no får born har mykje mindre tilknytning til kyrkja og den kristne trua enn tidlegare generasjonar.

1.1.3. Konfirmasjon

Talet på konfirmanter har vore svært høgt dei siste 10 åra. Med unntak av dei som høyrer til andre trussamfunn/religionar, har % av dei som har vore konfirmert vore mellom 96%-100%.

Konfirmasjonstida består av 4 laurdagssamlingar, weekend (leir) på Fjellsetra, 10 internett-oppgåver (vi bruker opplegget til Sjømannskyrkja), obligatoriske gudstenester, laurdagskveld og fasteaksjon. På ei av gudstenestane er konfirmanter med og hjelper til, det har vore ei positiv erfaring. 3-4 er med på gudstenesta i Sykkylven kyrkje, 2 i Ikornnes kyrkje. Det dei kan delta med er t.d.: å vere Tigeren, lese tekst, hjelpe til under dåp/nattverd, vere med borna på søndagsskule, dele ut ark, lese forbønn, hente bønnekrukke og bere fram offer. Dette opplegget krev meir av prestane som må tilrettelegge dette, men det gjev konfirmanter ei heilt anna oppleving av gudstenesta.

Laurdagssamlingane undervisning, smågrupper, middag og aktivitetsgrupper. På slutten av dagen er det ei kort avslutning i kyrkjerommet. Dagen varer frå 10.00- ca.15.30
Samlingane er i Ikornnes kyrkje og på Sørstranda skule. Foreldre er med på den praktiske gjennomføringa i form av å ordne i stand og rydde etter middagen og vaske skulen og kyrkja etter bruk.

Vi får gode tilbakemeldingar på konfirmantopplegget vårt og har stor oppslutning om konfirmasjon.

Vi har eit komprimert konfirmantopplegg, og vil evaluere dette før hausten 2017 i forhold til anslått omfang på 60 timar og at det skal skje i ramma av kyrkjelyden sitt fellesskap. Vi konstaterer at få finn sin plass i kyrkjene etter konfirmasjonstida, og vil vurdere tiltak som kan rette på dette.

Konfirmasjon: Det har dei siste åra vore mellom 5-7 konfirmasjonsgudstenester, fordelt på 2 helgar, der ein bruker både laurdagen og søndagen. Det har vore eit aukande ynskje om å ha konfirmasjon på laurdagen av hensyn til dei i familiane som må reise (gjerne langt), men det er også ei bra stor gruppe som vil ha konfirmasjon på søndagen.

1.1.4. Ekteskapsinngåing

Talet på vigslar er stabilt, men lavt, sjå utvikling dei siste 10 åra:



2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
------	------	------	------	------	------	------	------	------	------


Jamt over får folk dei datoane dei ynskjer for vigsel, og vi får gode tilbakemeldingar på innhald, rammer og opplevingar under vigslane.

Dei siste 2 åra har vi hatt ei felles vigselssamling i mai for alle som skal gifte seg i løpet av «sesongen»/sommaren. Der har prestar og organistar/kantor gått gjennom liturgien, snakka om ekteskapet, spelt aktuelle salmar og aktuelle inngangsmarsjar/utgangsmarsjar. Dette har vi fått svært gode tilbakemeldingar på, vigsel er ei viktig hending i folk sitt liv, og det er tydeleg at dei legg mykje arbeid og omtanke ned i denne dagen, og det at vi hjelper dei med planlegginga av sjølve vigselen i kyrkja blir sett stor pris på.

Spørsmålet om likekjønna vigsel har skapt uro i kyrkjelydane. Dette vart forsterka ved at prestane stod fram med ulikt syn. Kyrkjelydane har hatt eit felles møte for å setje ord på situasjonen, og prøve å finne ut korleis vi kan leve med fleire ulike syn.

1.1.5. Gravferd

Talet på gravferder dei siste åra er slik:



Sykkylven har berre ein kyrkjegard, knytt til Sykkylven kyrke.

Dei aller fleste i Sykkylven vel kyrkjeleg gravferd. Det er eit svært godt samarbeid med gravferdsbyrået i bygda, vi er einige i det aller meste når det gjeld korleis ei god gravferd skal gjennomførast. Før samtale med prest får dei pårørande ei lita brosjyre vi har utarbeidd, sjå vedlegg. På kyrkjegarden blir kista alltid senka heilt ned, oftare og oftare nyttast tau i den samanheng, det har delvis si forklaring i at senkeapparatet vårt har vore ustabil den seinaste tida. Kyrkjekjellaren vert svært ofte nytta til minnesamvær etter gravferda (over 90%), noko folk set stor pris på, då slepp dei å køyre til andre lokale, men kan gå rett frå kyrkjegarden til minnesamvær. Dei pårørande vert inviterte

til påfølgande søndagsgudsteneste der vi minnes den avdøde. Elles vert alle som har mist nokon det siste året inviterte til minnegudsteneste på Helgemesse-søndag.

1.1.6. Soknebod

Talet på soknebod er framleis 10-15 per år. Familie eller pårørende inviterer i dag sjeldan prest heim til sine eldre. Dei tilsette på Sykkylven Bu- og Aktivitetssenter er merksame og bodsender framleis prest når nokon ynskjer det.

2. Forventa utvikling i sokna

Sykkylven kommune forventar at folketalet vil vere ganske stabilt i åra framover, eller ein liten nedgang. Det betyr lågare barnekull, slik at det vil bli færre born og unge, og fleire eldre. Dette er ei utfordring både for kommunen (økonomi, plassar på BUAS osv) og til kyrkja.

For kyrkja sin del betyr det at i tillegg til å satse på trusopplæring og ungdomsarbeid, må ein sette fokus på diakoni og på korleis ein som kyrkje kan skape gode tilbod for dei eldre. Eit godt døme på eit tiltak som har fungert svært bra er «Tysdagstreffa» i Ikornnes kyrkje, som samlar 30-60 eldre.

Utviklinga i Sykkylven når det gjeld kommuneøkonomi vil truleg bli krevjande, med større utgifter til helse- og sosialtenester i åra som kjem, kombinert med færre yrkesaktive. Dette vil nok også kyrkja få merke i åra som kjem, dersom finansieringsordninga for kyrkja held fram slik som den er i dag.

Dei kristelege organisasjonane sitt arbeid

Det har vore eit langt og stort sett godt samarbeid mellom kyrkja og dei kristelege organisasjonane i bygda. Diverre har arbeidet på dei mange bedehusa gått sterkt tilbake dei seinare år, og i høve til visitasmeldinga frå 2009 må ein berre konkludere med at det har vore mange nedleggingar.

Ramstaddal

I Ramstaddal er det eit bedehus, bygda har arbeidd godt for å vedlikehalde det, men det er ikkje noko aktivitet i bygget.

Hundeidvik

I bedehuset i Hundeidvik er det framleis stor aktivitet, med møteveker og barne- og ungdomsarbeid. Samarbeidet har vore godt, men ein ny situasjon med innføring av ny liturgi for likekjønna par har gjort at bedehuset no ikkje lenger ynskjer å bruke soknepresten i Ikornnes som talar. Ikornnes sokneråd kalla inn til møte, der Hundeidvik bedehus var positive til at kyrkja kan leige bedehuset til gudstenester.

Tandstad

Krinsen har eige bedehus der det no er svært lite aktivitet, ettersom den eine familien som dreiv mykje av arbeidet ikkje har hatt kapasitet til dette dei seinare åra. Det er nokre få møter og basarar i løpet av året.

Velledalen

Krinsen har eige bedehus, og det er regelmessige bønemøter og elles nokre få samlingar der i året.

Aure

Krinsen har eige bedehus med ei eiga bedehusforsamling der dei fleste no er utmeldt av Den norske kyrkja. Bedehusforsamlinga samarbeider med NLM slik at det no er fast søndagsmøte dei fleste søndagsettermiddagar i løpet av året (kl. 1800). Desse møta samlar på ein vanleg søndag mellom 25-40 menneske. Elles er det i løpet av året ein del større arrangement og festar som samlar ein god del meir folk, gjerne opp mot 100. Der er også faste onsdagsmøter (bibelgruppe), og onsdagskafe. Bedehuset driv også brukbutikk som er open einskilde dagar, og som gjev inntekter nok til at bedehuset kan vedlikehaldast, det er i god stand.

3. Kyrkjelydsutvikling

3.1. Gudstenester

3.1.1. Gudstenestearbeid - generelt

I tida etter sist visitas har det vore arbeidd med både med gudstenestefordeling og med ny gudstenesteordning.

Arbeidet med gudstenesteforordninga i sokneråda enda opp med ei gudstenesteforordning datert 1.12.2011 for sokna i Ikornnes og Sykkylven. Denne forordninga har i stor grad blitt halden i åra etterpå.

Konklusjonen som sokneråda den gongen, etter mykje arbeid og fellesmøter kom fram til, er at det alltid er gudsteneste kl. 1100 i Sykkylven kyrkje på søndagar, og annakvar søndag kl. 1100 i Ikornnes kyrkje.

Unntak frå regelen er dei kyrkjelege høgtidene, mai månad og ferieavviklinga sommarstid. I juni, juli og august er det gudsteneste to søndagar etter kvarandre i Sykkylven kyrkje og den tredje søndagen i Ikornnes kyrkje.

Ein har i perioden sidan sist visitas prøvd ut løysingar med kveldsgudstenester, men det har vist seg å fungere relativt dårleg, og dermed har ein enda opp med å ha doble gudstenester annankvar søndag føremiddag, sjølv om avstanden mellom kyrkjene ikkje er stor.

Ikornnes og Sykkylven sokneråd har på nytt drøfta om det er tid for å sjå på ordninga med kveldsgudstenester. Dette vil vi arbeide vidare med.

Det har vore eit ynskje om å prøve å bygge opp ein gudstenestefeirande kyrkjelyd også i Ikornnes, med trusopplæringstiltak, dåp og søndagsskule på alle gudstenester.

Ein slik turnus har vore litt meir krevjande når det gjeld tilsette-ressursar, noko ein har løyst med å hente inn vikarar (organistar) + ha friviljuge som kyrkjetenarar. Begge desse tiltaka har fungert godt. Denne turnusen har også medført at ein kan tilby dåp omtrent alle søndagar frå august til mai, då annankvar søndag i Sykkylven kyrkje eller i Ikornnes kyrkje.

Samstundes har ein nok ikkje lukkast med å auke den «faste kjerna» av gudstenestedeltakarar i Ikornnes kyrkje. Ein kan nok klart seie at den faste gudstenesteferieande forsamlinga er minkande på Ikornnes. Ser ein på dei siste ti åra har denne gruppa nok gått tilbake så mykje som 15%. Dette er ekstra merkbart i og med at gruppa er lita i utgangspunktet og no tel rundt 30 personar. Det skal nemnast at desse tala har svinga om ein ser heilt tilbake på 80-talet og fram til i dag.

Samstundes er det totale talet på oppmøte til gudsteneste ganske høgt i soknet. Det er generelt godt oppmøte til dåp, konfirmasjon og høgtider. Det er relativt ofte tilbod om dåp i Ikornnes og ein del frå Sykkylven sokn nyttar seg då av dette om datoen høver godt for dei. Eit dåpsfylgje kan gjerne utgjere 50% av oppmøtet! Andre ting som dreg opp er bruk av ulike kor i gudstenestene og trusopplæringstiltak. Vi har enno til gode å sjå frukter i form av godt oppmøte knytt til søndagsskularbeidet. Vi har tru på at ein her må vere uthaldande og ikkje gje opp for lett.

Det vil også vere interessant om usemje om likekjønna vigsel vil spille inn på oppmøtet til gudsteneste i tida som kjem.

Både i Sykkylven kyrkje og i Ikornnes kyrkje har ein laga berre ei grunnordning for gudstenesta. Dette fordi ein i begge sokn har ynskt å ha **ei** gudstenesteform, der born alltid er deltakarar, og der det alltid er søndagsskule og dermed høve til å ha ei vanleg preike for ungdom/vaksne. Grunnordninga i dei to kyrkjene er ganske like, og inneber at borna er med i gudstenesta fram til tekstlesing, går så på søndagsskule og kjem tilbake til nattverden.

Det er etter vår meining store fordelar med å ha ei slik grunnordning, mellom anna:

- Alltid eit fokus på born i alle gudstenester
- Fokus på preika også når ein har trusopplæringstiltak
- Alltid ro og stillhet i delar av gudstenesta
- Gjenkjenning og forutsigbarhet i gudstenestearbeid og planlegging.

Unntak frå denne ordninga er eit par-tre gongar i året då ein i Ikornnes kyrkje har familiegudsteneste.

3.1.2. Gudstenestelivet

Gudstenestebesøket har auka dei seinare åra i Sykkylven kyrkje, og vore nokså stabilt i Ikornnes kyrkje. Dette til trass for at gudstenestebesøket i Norge har gått ned dei siste åra (Frå 2005 til 2014 har det vore ein nedgang i gudstenestebesøk i Norge på 12,3%).

Sykkylven kyrkje – vanlege søndagsgudstenester (ikkje jul, konfirmasjonar og spesielle dagar):

År	Gudst. besøk	Gj.snitt	Nattverdbesøk	Gj.snitt
2006	6316	134	1228	58
2007	5811	135	1056	55
2008	5764	134	772	48
2009	5665	141	1046	48
2010	7507	163	1858	81
2011	7974	170	2176	94
2012	7008	167	1498	72
2013	7664	160	2083	86
2014	8131	173	2442	90
2015	8055	172	2436	93

Vi trur dette skuldast fleire ting:

- Sterk satsing på søndagsskulen. Det er no alltid Jungelgjeng (frå 4 år til 3. klasse) og Maxigjeng (frå 3. klasse og oppover) under gudstenestane i Sykkylven kyrkje, og ofte også tilbod om Minigjeng (frå 0-4 år). I Ikornnes kyrkje er det også alltid søndagsskule. Dette gjer at foreldre kan gå til gudsteneste i forvissing om at det også er eit tilpassa opplegg til borna. Og vi ser at yngre familiar kjem regelmessig til gudsteneste, og borna trivast og vil gjerne kome tilbake.
- Fokus på song/musikk i gudstenestane. Det er svært ofte innslag av solistar (song og musikk) eller kor/grupper som deltek i gudstenestane. Vi får mykje tilbakemeldingar på at dette er viktig.
- Kreative innslag. Vi har hatt ulike typar kreative innslag, alt frå drama, dans og bruk av video/film under gudstenestane. Dette har gjort forkynninga og formidlinga aktuell. Det nye podiet og høve til å bruke videoprosjektørar har vore heilt avgjerande for å kunne gjere dette på ein god måte.

- Fokus på forkynninga. Med den nye grunnordninga som gjer at alle gudstenester er «like», vil det alltid vere rom for forkynning som kan vare frå 15-25 min. Og vi har temaseriar som tek opp aktuelle tema. Vi får mykje tilbakemeldingar både frå dei «faste» kyrkjegjengarane og frå dei som er innom sjeldnare at forkynninga er aktuell og lærerik.
- Vi har hatt fokus på PR, både med plakatar og heimeside.

I Sykkylven kyrkje er det no nattverd annankvar søndag, og dåp annankvar søndag.

I Ikornnes kyrkje er det som regel nattverd på kvar gudsteneste, og tilbod om dåp også på kvar gudsteneste.

I tillegg har vi no 6 nattverd gudstenester på BUAS, slik at dei som bur der kan få eit meir regelmessig nattverdtilbod.

Det er alltid ofring i gudstenestane, ved at ein går fram og gjev gåva i ei korg framfor altaret. Under ofring/nattverd har vi bønnevandring/lystenning, der ein har høve til å skrive bønner og legge i ei bønnekrukke eller tenne eit lys på lysgloben.

”Minnast dei døde” har hatt sin faste plass etter kunngjeringane, ved starten av gudstenesta. Det har vore diskutert om dette er rette plassen å minnast dei døde. Dette vil vi arbeide vidare med.

Ein stor del av ofringane går til eksterne føremål:

		Offer							
		Ikornnes sokn.		Ikornnes sokn		Sykkylven sokn		Sykkylven Sokn	
		Pr. 01.12.2016	%	2015	%	Pr. 01.12.2016	%	2015	%
Eige føremål	Kr. 18 566	31	%	Kr. 16 745	26 %	Kr. 76 063	31 %	Kr. 97 318	32
		69	%						%
Eksterne føremål	Kr. 40 835	69	%	Kr. 47 644	74 %	Kr. 166 910	69 %	Kr. 204 373	68
Sum	Kr. 59 401			Kr. 64 389		Kr. 242 973		Kr. 301 691	

3.1.3. Andre gudstenester

Det har i perioden sidan sist visitas vore prøv med ulike gudstenestar i tillegg til dei faste i kyrkjene på søndagar:

Friluftsgudstenester:

Det var i fleire år friluftsgudsteneste i samband med stølsdagen på Sunndalen. Dei siste to åra har denne dagen ikkje vorte arrangert, og vi har heller ikkje hatt gudstenester.

Derimot har vi innarbeid ein ny tradisjon med gudsteneste på Hovdåsen på 2. pinsedag. Dette har blitt ei populær gudsteneste som samlar bra mykje folk (50-80).

Det har også vore gudsteneste på Vassetra. Og vi tenker å halde fram med å prøve ut friluftsgudstenester på ulike stadar i bygda. Det er ei bygd med mange friluftsmenneske, og det er tydeleg at det er mange som set pris på høvet til å kombinere tur med gudsteneste.

Økumeniske og internasjonale gudsteneste

Sykkylven kyrkje har lang og god tradisjon for å ha økumenisk og internasjonal gudsteneste.

Desse er lagt til 1. pinsedag og ein gong i løpet på hausten.

Gudstenester i Velledalen og Hundeidvik

Dei siste åra har det også vore prøvd med gudstenester i Hundeidvik og Velledalen. I Velledalen ein gong i året, i samarbeid med skulen, der det etter gudstenesta er middag og kaffe. Det har vore svært vellykka med over 100 tilstades på desse gudstenestane.

I Hundeidvik bedehus har det dei siste 3 åra vore gudsteneste 2 gonger i året på søndag ettermiddag i samarbeid med bedehuset. Desse gudstenestane har også samla bra med folk, 20-40 personar, og det har vore god servering i forlenging av gudstenesta.

3.1.4 Fornyning av gudstenestelivet

Frivillige

Sidan sist visitas har talet på frivillige knytt til gudstenestane auka. Frå 56 til 89 i Sykkylven, frå 25 til 37 i Ikornnes. Dette kjem av både ei auka satsing på frivillige generelt, og at ein i gudstenesteordningane har opna opp for fleire frivillige som deltek i gudstenesta.

Oppgåver for frivillige har vore:

Kyrkjekaffe, søndagsskule, kyrkjevert, kyrkjetenar, tekstlesar, nattverd-utdelar, forbedar (etter gudstenesta), drama, song/musikk, intervju.

Dette har gjort at det er mange fleire synlege i gudstenesta, noko vi trur alle opplever positivt.

Alle frivillige samlast ein halv time før gudstenesta til ein gjennomgang og bøn.

Ei utfordring framover er å inkludere ungdom og unge vaksne som frivillige i gudstenestane, slik at dei personane som er synlege i gudstenestane kan avspegle eit større aldersspenn.

Konfirmantane har hatt oppgåver i ei gudsteneste i løpet av konfirmasjonstida, det krev meir av planlegging, men har vore positivt mottatt av både konfirmantar og kyrkjelyd.

Temagudstenester

Sidan 2010 har ein prøvd ut det å ha temagudstenester, både i Sykkylven og Ikornnes kyrkjer. Dette har vore godt motteke i kyrkjelydane. I samheng med temagudstenestane har det då også blitt utarbeidd eit samtaleopplegg til bruk i gruppene i kyrkjelyden, slik at ein har både fått høyre forkynning om temaet og i veka etterpå hatt høve til å snakke saman om temaet, kva det har å seie i vår kvardag. Vi har gjerne hatt ein temaserie om hausten og ein om våren, og så elles fylgt teksttrekkene i kyrkjeåret. Lengd på temaseriane har variert, men vanlegvis frå 3-4 søndagar.

Det har vore innspel på at ein bør bruke teksttrekkene i kyrkjeåret, og at ein kan ha tema i samspel med teksttrekkene.

Ungdom i gudstenesta

Det er ikkje mange ungdommar som deltek på dei vanlege gudstenestane, dersom ein då ser vekk frå konfirmantane. Men det er nokre positive ting på gong:

- Vi har fleire ungdommar som deltek som frivillige i gudstenestane, med ansvar for lyd, kyrkjetenaroppgåver og Maxigjengen.
- Det er starta opp ei «gudsteneste» for ungdom ein gong i månaden – XLR8. Sjå meir om dette under «Ungdomsarbeid».

3.2. Kyrkjemusikalsk arbeid

Det er eit aktivt og stort kyrkjemusikalsk arbeid i Sykkylven. Mykje er vidareført sidan sist visitas, men det gledelege no er at ein har tilbod om kor for alle alderstrinn frå 0-18 år. Det er frå kontor eit ynskje om å få utarbeida ein samla kyrkjemusikalsk plan, og den må koplast til trusopplæingsplanen.

Salmesongen under gudstenesta er styrka i begge kyrkjene ved at salmane vert vist på storskjerm. Men ein mister noko ved at kyrkjelyden ikkje har ein fysisk salmebok å blade i. Ikornnes sokneråd har difor gått til innkjøp av den nye salmeboka.

3.2.1. Ikornnes kyrkje

Ikornnes har eit rikt song- og musikkliv. Solistar og kor deltek i gudstenester, på «Syng med oss»-kveldar, tysdagstreff, kyrkjedagar, juletreff og julekonsert m.m.

Jippikoret

Hausten 2014 vart Gospelklubben avslutta, og vi starta med søndagsskule under gudstenestene, og med barnekor torsdagar etter skuletid: Jippikoret, oppstart januar 2015. Leia av frivillige i samarbeid med prest og trusopplærar, og med kantor som musikalsk leiar. 45 stk 1.-4. klasseborn første våren. 25 stk 2.-5. klasseborn hausten 2016. Øvingane, som skjer i SFO-tida, vert avslutta i kyrkjerommet med ei lita «Jippigudsteneste». Koret er med i Ung Kyrkjesong.

3.2.1. Sykkylven kyrkje

I tillegg til alt som skjer i regi av kyrkja sjølv, blir Sykkylven kyrkje også brukt mykje til konsertar, sjå 3.3. Vi har ein god tradisjon med samarbeid mellom kyrkja og kora og korpsa i bygda.

Babysang og Småbarnsong

Sjå omtale – 3.6.2

Barnekoret «Super»

Eit kor for aldersgruppa 4-6 år, øver onsdagane i kyrkja. Det blir leia av trusopplærar saman med frivillige.

Barnegospel

Eit kor for aldersgruppa 6-9 år, dei øver også onsdagane i kyrkja. Det blir leia av Grete Sporsheim, saman med frivillige medhjelparar.

KorKjekt

Sykkylven Sokneråd tok i 2005 initiativ til start av "KorKjekt", eit barnekor for 4.-7.klassingar, og dette koret er framleis i drift. Leiar er organist, saman med frivillige.

Kantor si rolle i kora er som akkompagnatør og dirigentvikar på øvingar og framføringar når det trengs, samt oppfylging og kursing av leiarane. Kora er medlemmar i Ung Kyrkjesong.

BlesSing

Sjå omtale – 3.6.2.4.

Sykkylven Gospelkor

Koret vart starta for 5 år sidan, det øver kvar måndag, og er knytt til kyrkja. Ca. 25-30 medlemmar.

Lovsongsgruppa

Er ei gruppe som leier lovsong under gudstenester ca. ein gong i månaden i Sykkylven kyrkje. 7 medlemmar, både songarar og musikarar.

3.3. Kulturarbeid

Det er eit stort og aktivt kulturliv i Sykkylven kommune, og det er eit nært samarbeid mellom musikkleiar, kulturskulen, kultursjef og tilsette i kyrkja.

Kvart år arrangerer kyrkjene i samarbeid med musikkleiar felles julekonsertar i begge kyrkjene med dei mange kor og korps i bygda. I tillegg til kora i kyrkja, har bygda eitt barnekor, tre blandakor, eitt mannskor og tre korps. På nyåret arrangere musikkleiar/ Sykkylven song og musikkråd ein stor felles nyttårskonsert i Sykkylven kyrkje. Kyrkja blir mykje utleigd til konsertar, både til lokale og eksterne aktørar. Fleire av dei lokale kora og korpsa har årlege konsertar i kyrkja. Kantor har ei gruppe frivillige saman med seg til å planlegge/gjennomføre ein serie med "Sommarkonsertar i Sykkylven kyrkje".

Sykkylven kyrkje hadde for ei tid tilbake, årleg arrangert "Minnast du songen" for fullsett kyrkje. Ikornnes kyrkje har arrangert "Syng med oss" fleire kveldar i året." Det har også vore kunstutstillingar i Sykkylven kyrkje, seinast no hausten 2016 med to godt besøkte utstillingar.

Reint praktisk har tilhøva for konsertar blitt svært forbetra etter endringane framme i Sykkylven kyrkje, sjå punkt 6.1.2., noko kyrkja har fått mykje positiv tilbakemelding på frå mange av dei som er engasjert i song- og musikkarbeidet i bygda.

Når det gjeld kyrkjekunst, viser vi til visitasmeldinga frå 2009, men vil nemne at Sykkylven sokneråd har oppnemnt eit utsmykkingsutval, dette utvalet arbeider no med å forlenge glassmåleria i spaltane i taket, dette i samarbeid med Veslemøy Stoltenberg som har laga mykje av den øvrige kunsten i kyrkjerommet.

Hundeidvik blandakor har fast øvingsstad, kvar veke i Ikornnes kyrkje. Som «kompensasjon» for dette tar dei del på gudstenester og på konsert ved kyrkjedagane på Ikornnes. Dei har også eigne kyrkjekonsertar.

3.4. Misjons-og evangeliseringsarbeid

Begge sokneråda har inngått avtale om misjonsprosjekt med NMS. Ikornnes sokn har eit prosjekt knytt til Midtausten, Sykkylven sokn knytt til Bangkok, Thailand. Sykkylven sokneråd stør Israelsmisjonen med 2 offer årleg.

I tillegg arbeider misjonsutvalet med å få eit misjonsprosjekt i nærområdet, som skal synleggjere at vi treng i drive misjon også blant våre landsmenn.

Det har sidan sist vore eit felles misjonsutval i dei to sokna, noko som er vidareført også etter val av nye sokneråd hausten 2015.

Her er noko av det som pregar misjonsengasjementet:

- Dei tradisjonelle misjonsforeiningane er minkane. Positivt er det at ein i Sykkylven har fått ei mannsforeining som ved ulike praktiske prosjekt samlar inn pengar til misjonen.
- Årleg arrangerer NMS førjulsmesse i Ikornnes kyrkje der ein involverar barnekor og andre lokale kor og musikarar
- Det blir bedt regelmessig for misjonsprosjekta i gudstjenestene, og ein del gonger er det intervju/informasjon om prosjekta. Dette kan det gjerast meir utav.
- Sokneråda har hatt eit godt samarbeid med misjonsforeiningane knytt til Israelsmisjonen og NMS, og det har vore fleire felles arrangement der misjon har vore i fokus.

- Onsdagsmiddagane i Sykkylven kyrkje er eit slikt samarbeid, der overskotet frå middagane går til misjonsprosjektet for NMS. Her vert under enkelte middagar gitt informasjon/inspirasjon om arbeidet i Thailand.
- Utfordringar er m.a.:
 - misjonsdimensjonen generelt i gudstenesta
 - misjonsdimensjonen i trusopplæringa
 - korleis engasjere yngre generasjon for misjon
 - misjonsforeiningane er minkane, og misjonsengasjementet treng ei ny vidareføring, på nye måtar.
 - korleis informere på sosiale medium, heimeside og på gudstenestar på ein levande måte, slik at misjonsengasjementet kan bli vekt i større grad
- Heimesida til kyrkjene kan brukast i større grad for å presentere og informere, for å skape større interesse kring misjonsprosjekta
- Kyrkjene i Sykkylven har sine egne facebook- sider som bør nyttast til liknande presentasjon og informasjon.

3.5. Diakoniarbeid

Det er ikkje utarbeid ein eigen diakoniplan i kyrkjelydane, heller ikkje er det diakoniutval i nokon av dei.

Diakoniplanen bør utarbeidast i fellesskap mellom Sykkylven og Ikornnes sokn. Sokna har ikkje eigen diakon. Andre tilsette og frivillige må ta ansvar for dette arbeidet gjennom eit diakoniutval, felles for begge sokna.

Samstundes skjer det ein del diakonalt arbeid:

- Kyrkja er med i kommunalt omsorgsberedskap ved soknepresten på Ikornnes.
- Kyrkja er ein medspelar til ~~Fønix~~ og Frivillighetssentralen
- Middagsservering annankvar onsdag i Sykkylven kyrkje
- Open Storhall, der kyrkja har vore aktivt med på å planlegge, gjennomføre og delta på ulike måtar.
- Alternativ RUS(S)
- Husgrupper i heimane er framleis eit satsingsområde i kyrkjelyden. Før hausten 2017 vil vi vurdere form, innhald og kven som vi skal ta seg av organiseringa av husgruppene,
- Kyrkjemessene i begge kyrkjer, som i tillegg til å samle inn pengar, er i tillegg ein sosial møteplass og eit diakonalt tiltak
- Kyrkjesøndag for eldre kvart år i samarbeid med kommunen
- Tysdagstreff i Ikornnes kyrkje annankvar veke
- Andakter og samtalar på BUAS

Til dette siste punktet vil vi kommentere:

Det er fast andakt på BUAS kvar tysdag, der både prestane og frivillige deltek med andakter og musikk. Det har variert litt om det har vore ei andakt (der alle samlast) eller to (i Jettegryta og på Sone 3). For tida har vi ei andakt, og personalet på BUAS sørger for at dei som ynskjer, kjem seg på andakta. Når prestane har andakt, vitjar dei også skjerma avdeling, mellom dei to andaktene, og samlar kort dei som bur der til song, bibellesing og bøn. Andaktene er godt besøkt.

Det er også gudstenester på BUAS Skjærtorsdag og Julaften, i tillegg til at det er nattverd-gudstenester 2-3 gongar per semester.

Samarbeidet med BUAS er svært godt, og dei tilsette spør regelmessig dei som bur på BUAS om dei ynskjer samtale med prest/nattverd.

Prestane i samarbeid med Losje Venia arrangerer kvart år julefest i Jettegryta. Dette er ein høgt verdsett tradisjon.

Gudstenestane i Sykkylven kyrkje blir også overført til BUAS. Sjå sist visitasmelding.

Utfordringar innan diakoni vil m.a. vere:

- Eit aukande tal eldre i kyrkjelydane som kjem seg lite ut, og treng ei besøksteneste
- Systematisk oppfølging av sørgande
- Sjelesorg og tilrettelegging for samtaler generelt
- Forsterka innsats i forhold til eit stort tall innvandrarar
- Ungdom som fell utanfor skuletilbodet og sit heime framfor ei datamaskin
- Ungdom og rus
- Psykisk sjuke

Kyrkja sitt diakonale arbeid må utviklast i samarbeid med anna arbeid . Planane må samordnast med m.a. trusopplæringsplanen og arbeid som Sykkylven kommune driv.

3.6. Undervisning – trusopplæring – skule/barnehage/kyrkje samarbeid

3.6.1. Samarbeid kyrkje – barnehage/skule

Det vert arbeidd med å få på plass eit trusopplæringsutval, som skal vere felles for begge sokna. Ved utarbeiding av trusopplæringsplanen i 2015 hadde kyrkjelydane eit felles utval, men dette er ikkje vidareført.

Tilhøvet mellom kyrkja og barnehagane i bygda må seiast å vere godt. Kvar adventstid vert barnehagane inviterte til gudsteneste både til Sykkylven og Ikornnes. Alle barnehagane og dei fleste som går der deltek. Det er godt innarbeida at barnehagane deltek med innslag i desse gudstenestene. Elles er barnehagane på besøk i kyrkja frå tid til annan. Her er det ikkje noko regulert opplegg, men etter spørsmål frå pedagogisk leiar i aktuell barnehage.

Tilhøvet mellom skulane og kyrkje er også svært godt. Alle skulane i barnetrinnet deltek på julegudstenestene og bidreg med innslag. Dei aller fleste elevane frå skulane er med på dette. Det er planleggingsmøte mellom prestane og representantar frå lærarkollegiet før desse gudstenestene.

Prestane eller trusopplærar er velkomne til skulane både i samband med 6-årsbok og med utdeling av Biblar til 5.-klassingane.

Ungdomsskulen og Sykkylven VGS har eigne julegudstenester, også her er det eit godt samarbeid om opplegg og deltaking.

3.6.2. Trusopplæring

Kyrkjelydane vedtok trusopplæringsplan i 2015. Dette arbeidet må vidareførast med konkretisering av tiltak. Diakoniplanen og misjonsavtalane må samordnast med trusopplæringsplanen. Vi må presisere betre kva som er kontinuerlige tiltak og kva som er breddetiltak.

Med tilsetjing av ein truopplærar for aldersgruppa 0-12 år i 2012, blei trusopplæringa styrka betrakteleg.

Felles for begge kyrkjelydane har vore:

- Utdeling i samband med årsdagar for dåp
- Barrabas-samling
- Lys-Vaken-samlingar
- Familieleir på Fjellsetra

3.6.2.1. Tiltak i Sykkylven kyrkje

Søndagsskule

Det er søndagsskule kvar søndag i Sykkylven kyrkje. Dette arbeidet har auka sterkt dei seinare åra, og det er no 2 eller 3 grupper kvar søndag. Det er alltid Jungelgjeng (4 år – 2. klasse) og Maxigjeng (frå 3.klasse), og av og til er det Minigjeng (0-4 år). Det er ei stor gruppe frivillige leiarar som gjer ein stor innsats.

Onsdagsmiddag

Annakvar onsdag (same dag som småbornssong) har vi eit diakonalt tilbod til både barnefamiliar og andre. Frå kl 16.15-17.00 kan dei få kjøpe middag i kyrkjestova i Sykkylven kyrkje. Det er frivillige som lagar maten, og dette blir organisert av NMS foreininga, og blir selt til 30 kroner per person. Dette kan hjelpe familiar og andre som vil ha eit godt og sosialt måltid. Overskotet går til arbeidet i Thailand. Slik er dette eit diakonalt tiltak og støttar misjon. Denne samlingsstaden er ei fin moglegheit til å inkludere nye, knyte kontakter,- og starte gode samtalar.

Foreldre/Barn

Foreldre/barn er eit diakonalt tilbod for heimeverande foreldre med små born. Måndagar er kyrkjestova open mellom kl 10 og 13, utanom den første måndagen i månaden, då vi er på BUAS. Her kan foreldre kome og treffe andre, borna får leike og alle et matpakkelunsj ilag. Det er babysong klokka 11, og det er no trusopplærar som har ansvar for organisering av treffet, i samarbeid med foreldre. Dette er gjerne den første kontakten som barnet får med kyrkja.

Babysong

Vi har babysong kvar måndag kl 11-11.30. Den første måndagen i månaden er vi på BUAS, det er eit møtepunkt mellom babyar og eldre. Potensialet ligg i å få med fleire, og at fedre også deltek. Det har vore gjennomsnittleg 12 born som deltek ilag med foreldre.

Småbornssong

Annakvar onsdag kl 17.00 til 17.30 kan foreldre med born i alderen 1-4 år kome på småbornssong i kyrkjestova i Sykkylven kyrkje. Nokre frivillige utvikla og dreiv dette opplegget, og når dei slutta har kantor overtatt. Her får alle syngje barnesongar, både kristne og allmenne songar, og dei har ei bibelhistorie kvar gong. Det har vore rundt 10 born kvar gong.

Barnekoret SUPER, Sykkylven barnegospel og KorKjekt

Sjå kyrkjemusikalsk arbeid

Sokneråda ser behov for tilbod for dei som ikkje syng i kor. Vi ynsker tiltak som inneber anna enn song og musikk i trusopplæringsarbeidet.

Fredagsklubben

Dette er klubben for 10-12 åringar. Han held til i kyrkjekjellaren, og er annankvar veke. Talet på dei som deltek har variert ein del, men det ligg på mellom 50 og 80, og det har vore heilt oppe i 130 nokre gonger. Foreldre er med som frivillige, saman med ei gruppe faste leiarar. Klubben har godt miljø, svært god servering og andakt.

Tweens

Det har vore Tweens-samling (10-12 år) annankvar torsdag, med fellesskap, Bibel og mat. Oppslutninga har vore varierende, mellom 6-12 stk. har delteke. Det er for tida pause i Sykkylven, men vi satsar på å starte opp igjen våren 2017.

3.6.2.2. Tiltak i Ikornnes kyrkje

Sidan førre visitasmelding har Gospelklubben vorte lagt ned. Vi har i staden søndagsskule under gudstenestene og barnekoret, Jippikoret.

Søndagsskule

Det er søndagsskule med ei gruppe på kvar gudsteneste på Ikornnes. Det er frivillige i samarbeid med trusopplærar som driv søndagsskulen. Oppmøtet varierer frå 5-15..

Jippikoret

Sjå kyrkjemusikalsk arbeid

Tweensklubben

Ein gong i månaden er det klubb i kyrkjekjellaren. Aldersgruppa er 5.-7.klasse. Det er ulike spel, aktivitetar og handarbeid. Det er andaktsstund med bøn, og matservering. Dette er eit lågterskeltilbod som når dei fleste borna knytt til Sørestranda Skule. Vi får dele ut «reklame» på skulen. Det er foreldre til borna som er med som leiarar. Soknepresten organisere klubben på vegne av soknerådet.

Julefest

Eit tidsavgrensa tiltak er ein julefest på Ikornnes for småbarnsfamiliane. Her blir det vektlagt å ta vare på dei gamle kristne juletradisjonane.

Misjon, misjonsprosjekta og diakonale tiltak bør presenterast jamleg i alt dette arbeidet.

3.6.2.3. Tiltak på bedehusa

Mykje av det arbeidet bedehusa hadde for born og unge er lagt ned sidan førre visitasmelding. Berre Hundeidvik Bedehus kan seieast å ha eit levande arbeid for born og unge som er regelmessig. Dei har to klubbar: Yngres (barneskulealder) og Impuls (storskule-ungdomsskulealder) Arbeidet har lange tradisjonar og blir drive av eldsjeler som etter kvart har gjort seg fortent til heiderleg omtale. Innhaldet i tiltaka er svært gode og frammøtet er godt.

3.6.2.4. Ungdomsarbeidet i kyrkjelydane

Ikornnes sokn har ikkje eige ungdomsarbeid. Dette skuldast at ungdomsskulen og VGS ligg i Sykkylven Sokn. Det er der det er naturleg for ungdom å samlast. Ikornnes sokneråd stør heller opp om dei aktivitetane for ungdoms som finnest der.

I perioden sidan sist visitas har det vore ein ustabil situasjon i ungdomsarbeidet i Sykkylven. Dette skuldast mest at det har vore mykje vakanse i ungdomsdiakon-stillinga. Det har ført til at ein ikkje har hatt kontinuitet i arbeidet, og det har ikkje blitt bygd relasjonar og blitt satsa på leiartrening slik ein hadde tenkt/håpt på.

BlesSing. BlesSing er eit Ten Sing kor. BlesSing øver kvar onsdag i Sykkylven kyrkje. Som mange andre kor varierer medlemstalet, og i dag ligg det på 14 totalt. Det er eit godt miljø i koret, og vi legg vekt på høg trivselsfaktor medlemmane seg i mellom, men også mellom leiarane og medlemmane. BlesSing vert drive av ungdomsarbeidar med hjelp frå kantor.

Leiartrening Som ein del av ungdomsarbeidet i Sykkylven kyrkje, ønskjer vi å sette eit fokus på leiartrening blant ungdommane. Eit leiartrenings tilbod vi har er MILK – mini leder kurs, som er utvikla av KFUK/KFUM. Det er eit kurs for ungdomar i alderen 15-16 år, og vi gir tilbod om kurs til 10.klassingar som var konfirantar året før. No i haust har vi ikkje fått til MILK, informasjon vart sendt ut men på grunn av lite interesse har vi no valt å vente til neste haust før vi sender ut eit nytt tilbod. Våren 2017 blir det også eit vidaregåande leiarkurs for dei som har hatt MILK kurset, med et ønskje om å kunne tilby dette annakvar eller kvart vår halvår. Frå 2017 vil det også bli eit fokus på å sende ungdommar på leiarkurs utanfor Sykkylven.

Laget. Laget i samarbeid med kyrkja starta opp lagsarbeid på ungdomsskulen i februar 2009. Det siste halvåret har det ikkje vore noko aktivt skulelag, men skulelaget sentralt har vore i kontakt med elevar på ungdomsskolen, og det ser ut til at skulelaget kan starte opp igjen på nyåret.

Alternativ Rus(s). Alternativ rus(s) er eit rusførebyggjande prosjekt retta mot Russen i Sykkylven. Tiltaket vart starta i 1998 etter initiativ frå kyrkje og helsestasjon, og det er no eit samarbeidstiltak mellom kyrkje, helsestasjon, politi og russen. Andre aktørar som NAF og Rotary er også med som bidragsytarar, samt at mange bedrifter bidreg økonomisk. Alternativ rus(s) syt for at ulike arrangement knytt til russetida set fokus på russen si rolle som trendsetjar og førebilete for ungdommen i bygda vår, samt kvar einskild russ sitt ansvar for liv og helse. Det er samlingar som rusdebatt, fotballturnering, grillfest, rebusløp og 17.mai frukost med promilletest. Den som kan blåse ”grønt” blir med i trekninga av ein reisesjekk. Dette samarbeidet fungerer svært godt og er godt innarbeida.

Open storhall Open storhall vart starta i september 2004 etter initiativ frå dåverande sivilarbeider på ungdomsskulen og ungdomspresten. Open Storhall er eit tilbod til alle ungdommar frå 8.klasse og oppover. Det er den lokale idrettshallen som er til disposisjon kvar fredag kveld frå kl.20.00 - 00.00. Ungdomsarbeidaren er med på Open storhall som ein vaksen rollemodell og relasjonsbygger.

XLR8 ungdomskveld. XLR8 er ein ungdomskveld som vart starta hausten 2016. Det er for alle som går i 8.kl og oppover. Vi møtest ein laurdag i månaden, frå kl.19:00-23:00. Vi startar kvelden med eit felles måltid, før vi går over i ein møtedel. Her har vi fokus på god lovsong, og andakt. Resten av kvelden har vi det kjekt med ulike aktiviteter og leikar. Vi ønskjer at XLR8 skal være eit knutepunkt i ungdomsarbeidet, der BlesSing, Laget, KRIK og dei andre ungdoms aktivitetane kan samlast til ein felles kveld.

KRIK. KRIK vart første gong stifta i 1996, men vart satt på pause i 2007 på grunn av manglande oppslutning. I 2013 starta ein opp igjen, for aldersgruppa 8. klasse og oppover. KRIK-samlingane er på laurdagar frå kl. 16-18 med ein andaktsdel midt i. Arbeidet blir leia av ungdommane sjølve med støtte frå to vaksenleiarar. I tillegg til laurdagssamlingane har dei vore på turar/weekendar og hatt ungdomskveldar. Målsettinga er ein kveld i månaden og frå hausten 2016 nådde ein dette målet fullt ut. Dette ved å samarbeide med ungdomsarbeidaren i kyrkja og ungdomskoret BlesSing ved å arrangere XLR8 (excellerate) i kyrkjekjellaren i Sykkylven kyrkje. KRIK Sykkylven samlar om lag 15-20 ungdommar kvar laurdag.

3.6.2.5. Sykkylven Speidargruppe

I Sykkylven er det eit godt speidararbeid (NSF), som har sitt eige lokal i Speidarbo. Det er felles for begge sokna. Speidararbeidet er inndelt i 3 grupper. Dei har sin kristne formålsparagraf og har si årlege-opptaksmarkering i Sykkylven kyrkje. Dei tek del ved 17.mai gudstenesta med flaggborg og elles ved andre høve. Speidarane tenner kvar julekveld lysa på alteret med fredsflammen frå Betlehem.

3.6.2.6 Arbeid for psykisk utviklingshemma

Sykkylven kommune har eit innarbeida musikalsk arbeid for psykisk utviklingshemma gjennom musikkgruppa SAFT SUSE. Årleg er det eit samarbeid om ei gudsteneste i Sykkylven kyrkje, der brukarane tek aktivt del i gudstenesta.

4. Bemanningssituasjonen

4.1. Statlege stillingar

Helge Standal	sokneprest 100%	Bispedømmerådet
Erlend Lunde	sokneprest 100%	Bispedømmerådet

4.2. Fellesrådsstillingar

Rose Iren Stave	kantor 100%	fellesråd
Elise Ullavik	sekretær 55%	fellesråd
Arild Sporsheim	kyrkjeverje 100%	fellesråd
Runar Bårnes	driftsleiar/kyrkjetenar 100%	fellesråd
Olav Strømme	reinholdar 40%	fellesråd
Anna Myklebust	trusopplærar 80%	fellesråd
Katrine Numme	ungdomsarbeidar 100%	fellesråd
Trine Ramnefjell	organist 20%	fellesråd
Torbjørn Støylen	økonomimedarbeider 18%	ulønnet/frivillig

4.3. Stillingsbehov

Ut frå talet på tilsette, er det for lite ressursar på kantor/organist og på kyrkjetenarar. Dette vert løyst ved at fellesrådet hentar inn vikarar til ein del gudstenester, og så er det bygd opp ei frivillig kyrkjetenar-gruppe i begge sokna. Dette har hatt den positive effekten at det har ført til aukande engasjement for gudstenestane hos fleire frivillige.

Det er pr. i dag eit gledeleg stort aktivitetsnivå i begge sokna, noko som tilseier at ein burde hatt meir ressursar for reinholdar og støttefunksjonar i administrasjonen.

Med tanke på utviklinga i kommunen og alderssamansetning, burde ein ha satsa på ei diakonistilling.

4.4. Råd og utval

Sokneråda har i perioden sidan sist visitas arbeidd godt, utan konflikhtar og har hatt fokus på strategi og kyrkjelydsutvikling, i tillegg til dei vanlege sakene.

Begge sokneråda saman med staben var med på studietur til England i 2013, der ein vitja anglianske kyrkelydar for å lære av det dei gjorde.

Sokneråda har i tillegg delteke på FOKUS-kurs i regi av NMS, eit i Stavanger (Sykkylven og Ikornnes) og eit på Angvik (Sykkylven). Tanken var å få inspirasjon og opplæring til strategitenkning i kyrkjelydsarbeidet. Dei to sokneråda har også hatt nokre fellesmøte for å drøfte felles strategi for kyrkjelydsarbeidet i bygda.

Fellesrådet har i perioden sidan sist visitas arbeidd mykje med å sikre økonomien, med vedlikehald av bygg og med vedlikehald/utviding av kyrkjegarden. Også i fellesrådet har samarbeidet vore godt, og det er stor semje om prioriteringar, sjølv om det er to sokn og to kyrkjer.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd:

Trygve Ebbesvik – leiar, representant frå Ikornnes sokneråd

Torbjørn Støylen – nestleiar, representant frå Sykkylven sokneråd

Anne Karin Watters – kommunal representant
Svein Runde – prost/geistleg representant
Irene Hørte Høibakk – rådsmedlem, representant frå Ikornnes sokneråd
May Lisbeth Hovlid Aurdal – rådsmedlem, representant frå Sykkylven sokneråd
Arild Sporsheim – kyrkjevevjerje / dagleg leiar

Vara:

Anne Rita Kvistad Utgård – vara for representant frå Ikornnes sokneråd
Björg Djupvik – vara for representant frå Sykkylven sokneråd
Helge Standal – vara for prost/geistleg representant
Odd Jostein Drotninghaug – 1. vara for kommunal representant
Anita Vollsund – 2. vara for kommunal representant

Ikornnes sokneråd:

Irene Hørte Høibakk – leiar
Trygve Ebbesvik – nestleiar
Erlend Lunde – sokneprest
Ina Grøvik- rådsmedlem
Anne Rita Kvistad Utgård – rådsmedlem
Elin Anett Hellebostad Våtmyr – rådsmedlem
Per Gunnar Ulla – rådsmedlem
1. vara – Karl Johan Gjævenes
2. vara – Magnar Sevald Vigstad

Sykkylven sokneråd:

May Lisbeth Hovlid Aurdal – leiar
Björg Djupvik Grebstad – nestleiar
Helge Standal – sokneprest
Torbjørn Støylen – rådsmedlem
Monica Breivik Orre – rådsmedlem
Liv Nordli Hole – rådsmedlem
Janne Beate Svindseth – rådsmedlem
1. vara – Knut Henning Aursnes
2. vara – Per Bjørnar Tynes

5. Økonomi

Visitasmeldinga år 2009 understrekar at kyrkja og kyrkjeleg fellelsråd opplevde samarbeidet med kommunen som positivt og godt. Det var ein god og open dialog, men spesielt i forhold til ein stigande aktivitet i sokna og auka bruk av arbeidskyrkjene vart det peika på eit misforhold mellom behov og rammeløyving.

Den gode dialogen er vidareført i perioden etter førre bispevisitas. Fellelsrådsleiar og kyrkjevevjerjen har eit par møter i året med rådmann og økonomisjef, og varaordførar sit som kommunal representant i fellelsrådet. Elles har vi hatt andre møtepunkt som mellom anna i samband med veglys på kyrkjegarden, leikeplassen i kyrkjeparken, parkeringstilhøva ved Ikornnes kyrkje og reguleringa av Kyrkjevegen. Samarbeidet med den årlege Eldresdagen er også noko vi vil trekke fram.

Åra 1997-2009 var prega av store utfordringar med økonomien. Dette gav seg utslag i desse to store omstillingsperiodar; 2000-2002 og 2005-2006. Denne perioden var også prega av stor bruk av konsulenttenester. Dette mellom anna til gjennomgang av aktivitet og økonomi etter ny kyrkjelov (1997), utarbeiding av omfattande tilstandsrapportar på begge kyrkjene (ferdig mars 2003),

prosjektering av nytt varmeanlegg i Ikornnes kyrkje og ikkje minst i samband med reduksjon av aktivitet (19 gudstenester) bemanningsreduksjonar både i 2002 og 2006. I første runde vart:

- * Sekretærfunksjonen redusert frå 1,2 til 1 årsverk.
- * Kyrkjetenarressursen redusert frå 1,48 til 1,28 årsverk.
- * Kyrkjemusikarressursen redusert frå 1,3 til 1 årsverk.

I andre runde vart:

- * Sekretærfunksjonen redusert frå 1 til 0,5 årsverk.
- * Reinholdarressursen redusert frå 0,7 til 0,4 årsverk.
- * Kyrkjetenarressursen redusert frå 1,28 til 1,1 årsverk.
- * Den vakante klokkarressursen vart fjerna (0,12 årsverk).

Resultat: Antal årsverk frå 1997-2007 er redusert frå 6,51 til 4,2 årsverk.

Åra 2009-2016 har også vore prega av utfordringar med økonomien. Særleg for inneverande år der den bevilga investeringsramma på kr. 300.000,- vart kutta på nyåret. Med eit allereie akutt behov og vedtak om retrekking av hovudtaket i Ikornnes kyrkje gir dette eit betydeleg meirforbruk isolert sett på kr. 280.000,- i år 2016. Rekneskapshistoria viser at åra 2009 og 2010 gjekk med eit meirforbruk/underskot på om lag kr. 80 000,- pr. år. I år 2011 vart dette redusert til eit negativt resultat på kr. 27 000,- og i år 2012 med eit negativt resultat på kr. 23 500,-. I 2013 endte vi i utgangspunktet opp med eit positivt resultat på kr. 58 167,-, men etter inndekkinga av meirforbruket i 2011 og 2012 var saldoen på disposisjonsfondet kr. 7 000,- ved inngangen til 2014. I 2014 endte vi opp med negativt resultat på kr. 119 046,- etter at saldoen på disposisjonsfondet var trekt frå. Årsresultatet 2015 endte opp med eit positivt resultat på kr. 40 429,-, som i si heilheit gjekk til regulering av disposisjonsfondet.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.2015 viser ein negativ saldo på kr. 64 818,- som er budsjettert nedbetalt i rekneskapsåret 2016.

Slik er altså den økonomiske situasjonen til tross for at vi har ei klar formeining om at forvaltninga av kyrkjekontoret/administrasjonen, kyrkjene og kyrkjegarden blir utført på ein kvalitativ og kostnadseffektiv måte. Likeeins har vi arbeidd fram etterbetaling for pris- og lønsvekst (i 2011) og ordning med auka løyving til graver dersom antal graver blir meir enn 60 i løpet av eit kalenderår. Vi har også erstatte ei 10% kyrkjetenarstilling med frivillige/uløna medarbeidarar, samt at vi fører rekneskapet sjølve med god hjelp av ein frivillig/løna økonomimedarbeidar i 18% stilling.

6. Bygg og anlegg

Når det gjeld generell informasjon om dei to kyrkjebygga, viser vi til visitasmeldinga frå 2009. Nokre spesielle endringar/utfordringar/viktige problemstillingar sidan sist visitas

6.1. Sykkylven kyrkje

6.1.1. Endringar av kyrkjetorget

8. november 2010 starta eit nyetablert interiørutval sitt arbeid med endringar av kyrkjetorget.

Dette med bakgrunn i vedtak i Sykkylven sokneråd (30/10):

Kyrkjekjellaren kunne trengt ei fornying, både ved å gjere den lysare og ved å utnytte inngangsrommet på ein betre måte, ved å fjerne garderobeskap og lage ein meir tiltalende foajé.

Behova er først og fremst å skape eit rom som er uformelt, som kan brukast som ein møtestad for ungdom og ha litt av "sjømannskyrkje-preget" der ein kan samlast til ein kaffekopp/vaflar

Arbeidsgruppa samarbeida tett med lokal kompetanse innan design og produktutvikling. Og prosjektet resulterte i at begge garderobeboksane vart fjerna og erstatta med ein flyttbar garderobemodul, samt 3 ulike garderobestasjonar ved ulike betongsøylar. I tillegg er lokalet inndelt i tre ulike soner; ein kafédel, ein sofadel og ein barnedel inklusive ein «noas ark» sitte-/leikemodul. Bruken og

tilbakemeldingane tilseier at dette var gode val.

6.1.2. Endringar av frontpartiet i kyrkjerommet

Saka har sine konkrete røter tilbake til 8. desember 2011:

Sak-46/11 Bygge podium framme ved alterringen + tekniske løysingar

Det er ynskjeleg å bygge eit podium framme ved alterringen, som vil gjere det betre ved framføringar av drama/dans/kor/korps osv. Alterringen må flyttast nærare alteret. Samtidig legg ein inn tekniske løysingar som å bygge inne monitorar og skjule kablar og koplingsboksar.

Vedtak: Sokneråd gir kyrkjeveverje fullmakt til å sette saman eit utval som ser korleis dette kan løysast og kjem med eit forslag med kostnadsoverslag til soknerådet.

Men av ulike grunnar kom ikkje prosjektet i gong før ved første møtet den 22. januar 2013.

Etter ein lang og grundig prosess godkjente Møre biskop (den 16. mai 2014) ei prøveordning for endringar av frontpartiet i Sykkylven kyrkje, kyrkjerommet. Endringane innebar å bygge eit 30cm høgt podium, flytte altarringen nærare altarbordet, gjere døypefonten flyttbar, ta ut preikestolen og nytte dagens lesepulten som både lesepult og preikestol.

Møre biskop godkjenner at Sykkylven sokneråd gjennomfører endringane slik det er søkt om. Biskopen presiserar at dette er eit proveprosjekt for tre år, at arbeidet må gjennomførast med varsemnd og på ein fagleg god måte slik at alle endringane fullt ut kan bli tilbakeførte til opphavsleg tilstand. Vedtaket er gjort med heimel i kyrkjelova §21.

Endringane er difor gjennomført på ein slik måte at det fullt ut kan reverserast og preikestolen, del 5 av altarringen, og opphavsleg teglsteinsunderstellet til døypefonten er forsvarleg oppbevart på eit av lagera i kyrkjesal 1.

6.2 Ikornnes kyrkje

6.2.1. Fornyng av kyrkjestova

I 2015 og 2016 tok Ikornnes sokneråd initiativ til ei fornyng av kyrkjestova. Dette med bakgrunn i at det var gitt ei gåve til dette føremål. Mellom anna vart veggane malt, borda fikk nye bordplater, stoffgardinene vart byta ut med lamellgardiner og det vart kjøpt inn stol- og sofagrupper og serveringsbord. Lokalet er no lyst og fint og svært tiltalende til aktiv bruk både til fest og kvardags. Det er også gjort vedtak om kjøp av nytt song- og taleanlegg som etter planen blir operativt i januar 2017.

6.3. Sykkylven kyrkjegard

Sidan sist visitas vil vi peike på fylgjande endringar/utbetringar/behov:

6.3.1. Veglys

Med bakgrunn i gåver frå Sykkylven Energi, Sparebanken Møre, Gjensidige og løyvingar frå kommunen kom det i 2011 på plass 13 av 18 veglys på Sykkylven kyrkjegard. Dei resterande 5 vart ikkje montert grunna manglande finansiering. Ordføraren har meldt om at kommunen ha løyvd kr. 100.000,- til ferdigstilling av dette i 2017.

6.3.2. Muslimsk gravfelt

Ved årsskiftet 2015/2016 vart det etablert eit eige gravfelt med 27 graver for muslimsk gravlegging. Dette ved å omregulere P-feltet slik at det nye Q-feltet er plassert på autsida av gravplassen, mot skuleområdet. Prosjektet vart gjennomført etter godkjenning frå Møre bispedømmeråd og med god hjelp og støtte frå styreleiar i Islams Råd Norge og landsdekkjande gravplassrådgjevar. Ei grav er tatt i bruk.

6.3.3 Kyrkjevegen

Vegen mellom kyrkja og kyrkjegarden er svært vanskeleg for fotgjengarar, og ei spesiell utfordring ved gravferder og samlingar der det er born tilstades. I samband med oppsett driftsbygning og ferdig-

stilling av driftstun og inngjerding, oppfordra difor fellesrådet kommunen om å lage fortau langs vegen ved driftstunet, slik at ein trygt kan kome seg frå kyrkjegarden og bortover mot kyrkja. Her er for få parkeringsplassar, og det gjer ikkje situasjonen for fotgjengarane lettare når ein i tillegg til stor fart på gjennomgangstrafikken må snike seg langs og mellom parkerte bilar.

Fellesrådet kom då også med eit framlegg om å få laga parkeringsplass på plenen utanfor kontorfløya på kyrkja, og at dette ville gi vesentleg betre parkeringsforhold og frigjere plass til eit fortau. I seinare tid, både i 2013 og 2016, har ordføraren mottatt brev frå oss med bekymringmelding i forhold til dei trafikale forholda på denne vegen. Denne vegen har vore sidan 1987 vore omfatta av ein avtale mellom Sykkylven kommune og Svein Otto Aure om stenging. Etter mange års tvist enda saka til slutt opp med ein forliksavtale mellom desse to partane i slutten av august 2016:

1. Oppsett blindvegsskilt ved Sykkylven kyrkje vert ståande.
2. Eksisterande innkøyring forbodskilt vert erstatta med nytt blindvegsskilt med underskilt som informerer om at vegen er stengt om lag 100 meter lengre framme.
3. Innkøyring forbodskilt vert sett opp i krysset ved Overå-brauta.
4. Skilt som markerer gangveg vert sett oppatt straks.
5. Øvrige skilt (om fart og vekt) vert ståande som i dag.
6. Det skal settast opp permanente trafikkhindringar slik at vegen vert innskrenka til eitt køyrefelt berekna til ein bil, frå kyrkja ved skilt nemnd i pkt. 2 og austover til gangvegen. Eksisterande fartsdumpar skal utbetrast.
7. Overå-brauta skal skiltast som privat veg slik at berre dei med vegrett kan køyre der.

6.3.4 Oversikt over kyrkjegarden

Eit omfattande arbeid er sett i gang med å få gravkart og terreng til å stemme overeins på kyrkjegarden.

Det er ynskeleg å få digitale kart over kyrkjegarden.

Framtidig behov for gravplassar bør vurderast.

7. Konklusjonar og utfordringar

Sykkylven og Ikornnes sokn var med som forsøkskyrkjelydar i prosjektet: «Kyrkjelydsutvikling i folkekyrkja» i 2009 og 2010. Det var eit ønske at dette samarbeid med Møre bispedømme og Menighetsfakultetet på nytt skulle gje kyrkjelydane ein plan for verksemda.

Erfaringa med prosjektet var at det var interessant, vi blei betre kjent med egne sokn og menneska i sokna. Det sette i gang gode samtalar og engasjerte mange i innsamlinga av data. Men samtidig var det for stort sprik mellom dei kyrkjelydane som deltok, slik at det var lite erfaringsutveksling prosjektet kunne bidra til. Det var heller ikkje så stor inspirasjonsfaktor i prosjektet, og det leia ikkje fram til noko konkrete tiltak eller planar.

Dei seinare åra har ein laga trusopplæringsplanar for kyrkelydane, i stor grad handlar dei om årlege breiddetiltak, og mindre om ein strategi for vekst eller om ein strategi for korleis ein kan auke tilslutnaden til det kontinuerlege arbeidet.

Ein diakoniplan bør snarast kome på plass som eit felles prosjekt mellom sokna. Arbeidet med dette bør leiast av eit felles diakoniutval saman med representantar for dei tilsette.

Sokneråda har også vore med på FOKUS-kurs og hatt inspirasjonssamlingar. Desse har vore inspirerende og gitt ei større forståing for kva ein kyrkjelyd er og kva som fører til vekst. På eit felles møte for stab og sokneråd i november 2016 blei det arbeidd med konkrete tiltak for kva ein ville satse på i åra framover (Sjå vedlegg frå dette møtet). Igjen er vel problemet at det fort blir fokus på aktivitetar, og i mindre grad på ein overordna strategi og visjon.

Begge sokneprestane har i 2015 hatt studiepermisjon for å arbeide med desse spørsmåla i forlenging av FOKUS-kursa. Dei to oppgåvene er tilsendt biskopen tidlegare.

Konklusjonen frå oppgåva til soknepresten i Sykkylven var:

1. Vi treng å styrke den første P-dimensjonen i FOKUS: Bøn.
2. Vi treng også å stryke Proclamation-dimensjonen. Evangelisering må vere hovudfokus.
3. Det trengs ei meir bevisst oppfylging av alle dei kontaktane vi har gjennom året. Av dei hundrevis av menneska vi møter, er der nokre som ynskjer å nærme seg ei vedkjennande tru. Vi treng å tenke gjennom om der er tilbod «mellom» dei opne og «relativt ufarlege» arrangementa våre og gudstenesta på søndag føremiddag. Er der ein veg frå onsdagsmiddag til nattverdbord?
4. Vi treng å arbeide vidare med smågrupper som ein plass for disippelgjerding.
5. Ei disippel-tenking og ein plan for oppfylging av ungdom er avgjerande for framtida for Sykkylven kyrkjelyd.
6. Når søndagen er i sterk endring, treng vi å utarbeide ein strategi for korleis vi kan disippelgjere menneske når dei likevel er i kyrkja, kanskje på ein kvardag. Og vi treng å tenke gjennom om vi brukar for mykje ressursar på å ofte halde to gudstenester på søndag føremiddag når avstanden mellom dei to kyrkjene ikkje er meir enn ca. 2 km.

Konklusjonen frå oppgåva til soknepresten i Ikornnes var:

Kyrkja sitt eig syn på presten som leiar må endrast. Pr. i dag vert presten nytta som leiar for gudstenester og kyrkjelege handlingar. Heile utdanninga er knytt til at presten skal forvalte ord og sakrament. Dette var vel og bra så lenge “heile folket” kom til kyrkje for å få dette levert. No er kyrkja i ein anna posisjon. Ein må tenkje meir at den er i ein misjonssituasjon. Ein kan ikkje utdanne prestar som er ritual-leiarar når svært få kjem regelmessig til desse ritual (gudstenester). Heile tenkinga rundt presten si leiar-rolle må tenkast på nytt, prestar må bli strategiske leiarar som kan leie andre kristne “ut” frå kyrkja med evangeliet og “inn” der folk faktisk er.

Konklusjon:

Mykje ligg godt til rette for kyrkjelydsarbeidet i Sykkylven. Ytre rammer er gode, både bygg, kyrkjegard, kontortilhøve og økonomi er bra eller svært bra. Begge kyrkjene er praktiske og funksjonelle, ikkje minst etter dei endringane som er gjort dei seinare åra.

Staben samarbeider godt, utfyller kvarandre og spriker lite når det gjeld syn på viktig satsing og strategi, og samarbeidet mellom dei to sokneråda og mellom sokneråda og staben er også godt, ein tenker mykje likt omkring kyrkjelydsutvikling.

Sykkylven 21.12. 2016

Helge Standal, sokneprest

Erlend Lunde, sokneprest

May Lisbeth Hovlid Aurdal, soknerådsleiar Sykkylven

Irene Hørte, soknerådsleiar Ikornnes

Trygve Ebbesvik, fellestrådsleiar

6 vedlegg:

- Gruppeoppgåver frå fellessamling mellom sokneråda og stab 2016 – pdf.
- Kva vi vil framheve – frå fellessamling 2016 – pdf.
- Vedlegg om vedlikehald, kyrkjer og kyrkjegard – Word
- Misjonsavtale som Sykkylven sokn inngjekk januar 2017
- Misjonsavtale som Ikornnes sokn inngjekk 23.03.17
- Powerpoint- presentasjon frå barne og ungdomsarbeidet, presentert på møte med Sykkylven kommune
- Informasjonsbrosyrer vedrørende gravferd, dåp og vigsel i kyrkjelydane

